



Arkivnr: 2015/11179-34

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2018 - 2020 - Bestilling av prosjektplan**Bakgrunn for saka:**

Kontrollutvalet sine oppgåver vedrørande forvaltningsrevisjon finn vi i forskrift om kontrollutval kapittel 5. I dette kapittelet finn vi innleiingsvis ein omtale av kontrollutvalet sitt ansvar for å sjå til at forvaltningsrevisjon vert gjennomført. Kapittelet handlar vidare om plan for forvaltningsrevisjon, rapportering og oppfølging av gjennomførde forvaltningsrevisionsprosjekt.

Plan for forvaltningsrevisjon skal baserast på ein overordna analyse av fylkeskommunen si verksemd ut frå risiko- og vesentlegvurderingar, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike områda i fylkeskommunen.

Den overordna analysen kan utarbeidast på mange måtar. I forskrift for kontrollutval § 10 står det følgjande om plan for forvaltningsrevisjon og den overordna analysen:

«Kontrollutvalget skal minst en gang i løpet av valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i perioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunen eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.»

Føresegna fastset at det er kontrollutvalet som har ansvaret for at det vert utarbeidd ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Andre ledd inneholder krav om overordna analyse. Føremålet med denne analysen er å få fram relevant informasjon om fylkeskommunen si verksemd, slik at det vert mogeleg å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Det er opp til kontrollutvalet å avgjere kor detaljert ein ønsker den overordna analysen.

Retningslinjer for innhald og gjennomføring av forvaltningsrevisjonar er omhandla i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar kapittel 3.

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 70/16 i møte 04.10.2016:

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 vert vedteken med desse prosjekta i prioritert rekkefølge:*
 1. ***Investeringsplanlegging***
 2. ***Arkivering og journalføring***
 3. *Utarbeiding, inngåing og oppfølging av kontraktar knytt til samferdsel*
 4. *Vedtaksoppfølging*
 5. *Internkontroll*
 6. ***Identifikasjon og oppfølging av elevar i faresonen for fråfall***
 7. *Psykososialt læringsmiljø*
 8. *Beredskap på vegnnettet*
 9. *Vurdering av læringsutbytte*
 10. *Særskilt om språkopplæring*
 11. *Kulturminneforvaltning*
 12. *System og rutinar for bierverv*
 13. *Tilskotsforvaltning*
2. *Planen erstattar revidert plan forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2016 – 2020, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2020.*
4. *Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen*
5. *Planen skal reviderast og evaluera minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne «revisjonen» og evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisionar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.*

I punkt 5 i vedtaket over har kontrollutvalet fått fullmakt frå fylkestinget til å evaluere planen. Dei prosjekta i punkt 1 i vedtaket som er merka med uthøva skrift er allereie bestilt.

Drøfting:

Kontrollutvalet ville ha gjennomført ei rullering av planen i løpet av 2018 uavhengig av at Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune skal slå seg saman frå 01.01.2020. På bakgrunn av dette har kontrollutvala i dei to fylkeskommunane hatt to felles arbeidsmøte der ein har drøfta korleis ein skal handsame ansvaret som kontrollutvala har i denne prosessen.

I referatet etter felles arbeidsmøte mellom kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar 21. november vart det nedfelt følgjande om Plan for forvaltningsrevisjon:

Begge konktrullutvala bør handsame sak i desember om bestilling hjå Deloitte av prosjektplan for felles evaluering av planane. Bestillinga bør vera at forslag til prosjektplan vert levert til handsaming i første møte i utvala i 2018.

Det er i forskrifta sagt lite om korleis den overordna analysen skal utførast. Dette er i stor grad opp til kontrollutvalet å avgjere.

Den overordna analysen skal peike på aktuelle område for forvaltningsrevisjon basert på ein risikoanalyse. Desse områda skal kontrollutvalet rangere i høve vesentlegvurderingar før plan for forvaltningsrevisjon vert utarbeidd.

Dei to kontrollutvala ber om å få utarbeidd forslag til prosjektplan for evaluering av plan for forvaltningsrevisjon som byggjer på fellesprosjekt og eventuelt for eigne prosjekt gjennomført med tanke på omorganiseringa vi no står overfor.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over tilrår sekretariatet at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til ein prosjektplan som viser korleis dei kan bistå kontrollutvala i dei to fylkeskommunane i å gjennomføre ei felles evaluering av gjeldande planar for forvaltningsrevisjon. Prosjektplanen må innrettast slik at framtidige forvaltningsrevisjonar vil bidra til forbetringar og nytte i den nye fylkeskommunen som skal vera på plass frå 01.01.2020. Det vert også tilrådd at kontrollutvalet ber om at evalueringa vert gjennomført i tråd med dei føringar utvala har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og tidspunkt for ferdigstilling.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vil i første halvår 2018 gjennomføra ei evaluering av gjeldande plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020.
2. Kontrollutvalet ber Deloitte om å utarbeida forslag til ein prosjektplan for gjennomføring av ei slik felles evaluering av dei vedtekne planane i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune, i tråd med dei føringar utvala har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Prosjektplanen skal leverast sekretariata innan 17.01.2018 og skal handsamast i møte i kontrollutvala i februar 2018.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.